

Sigita Kontrimaite  
Hindenesvegen 187  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/5431 - 21/59201

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
08.09.2021

## Avtale om fristutsetjing - gbnr. 242/14 Eidsheim

Viser til vårt brev av 15.07.2021 der vi informerer om at vi har motteke ein bekymringsmelding med informasjon om at det er registrert avvik i slamavskiljaren som er knytt til avløpsløysinga frå eigdommen dykkar.

Alver kommune har i dag motteke ein telefon frå Tomas Benetis der han ønskjer informasjon om kva som må gjerast. Han blir oppmoda i fyrste omgang om å ta kontakt med grunneigar av naboeigdommen der septiktanken ligg, og deretter med ei rørleggjarverksemd for å få eit kostnadsoverslag over kva arbeidet vil koste.

Vi gjer avtale om at dei får utsett frist til **31.12.2021** til å undersøkje dette.

Han informerer og om at kostnaden antakeleg vil bli for høg for dei på det noverande tidspunkt. Dersom det skulle vise seg at dette blir umogleg å finansiere, kan han søkje Alver kommune om ytterlegare utsetjing

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Sigita Kontrimaite  
Tomas Benetis

Hindenesvegen 187  
Hindenesvegen 187

5993 OSTEREIDET  
5993 OSTEREIDET